

Musland Maskin godt igang med baneprosjektet**21.08.2015**

Slik såg bana ut seint ikveld. Brødrene Musland Maskin hadde enno ikkje teke kvelden.

Fyrst klokka 21 ikveld sette Brødrene Musland Maskin punktum for den fyrste arbeidsveka med baneprosjektet. Dei har kome godt igang og Roar og Tore slår fast at det er eit greitt prosjekt som dei trur vert eit godt tilbod tilslutt. Spenningen er stor, ikkje minst i skulemiljøet, om det som skal skje. Fyrste byggjesteget vert fotballbana på 76 X 54 meter som heiter ei niarbane.

Det som er skjedd den fyrste veka er avretting av underlaget og justering av fallet og desse arbeidsoppgavene held fram nokre dagar til. Deretter kjem ein veghøvel inn i biletet for å ta seg av finrettinga før grøfting.



Ein kjekk jobb tykkjer Brødrene Musland

Men i dag skjedde ei overrasking då dei traff på fjell og sprengingsekspert Sigmund

Myklebust måtte trø til. Han løyste oppgåva utan problem.

Men generelt er Uskedalsfirmaet kjent for sin ekspertise som sikkert også vil prege denne jobben,

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Korleis ender jobben på bana?